

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/19	Plan- og samfunnsutvalet	PS	14.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heidi Dyrøy	ARP-20180102, K2-L12, PlanId-20180102, PlanNavn-Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde, GBN-27/5, PlanType-35	18/1889

Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde

Framlegg til vedtak:

1. Plan- og samfunnsutvalet godkjenner at framlegg til Detaljreguleringsplan for Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde, planid 20180102, med planomtale med ROS-analyse, føresegner og plankart datert 30.04.2019 vert utlagt til offentlig ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11.
- 2.
3. Rådmannen skal før sluttbehandlinga sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av den blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
- 4.

-Framlegg frå repr Eliasson:

Endring i føresegn 3.1.2 Idrettsanlegg (felt o_BIA1) a. Utforming

-Innanfor området kan det etablerast idrettshall med tilhøyrande anlegg som inkluderer garderobar, tribunar, tekniske rom, utstyrlager og publikumsfasilitetar.

-Byggjegrænse er vist på plankartet. Minste avstand mellom fot fjellskjering og hall skal vere 6 meter. Det kan tillatast inntil **6 meter** avvik frå byggjegrænse under følgjande føresetnader: a. Hallen kan plasserast nærare fjellskjering i Storåsen enn 6 meter såfram det vert dokumentert at plasseringa er rassikker.

Frå repr. Malkenes. MDG:

Planen er direkte i strid med overordna plan. I kommuneplanen sin samfunnsdel står følgjande: Det skal vurderast statleg sikring av dei grønne områda i Storåsen, Litlevatnet, Storevatnet og Brandsøyåsen for å oppnå varig vern av desse områda.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Plan- og samfunnsutvalet - 013/19

PSUV - handsaming:

Framlegget frå repr. Malkenes vart nedstemt mot ei røyst (Malkenes).

Malkenes vil og har protokollført at følgande setning ikkje er opplyst om i saka: Planen er direkte i strid med overordna plan. I kommuneplanen sin samfunnsdel står følgande: Det skal vurderast statleg sikring av dei grøne områda i Storåsen, Litlevatnet, Storevatnet og Brandsøyåsen for å oppnå varig vern av desse områda.

Tilrådinga med tilleggspunktet til repr. Eliasson vart samrøystes vedteke.

PSUV - vedtak:

1. Plan- og samfunnsutvalet godkjenner at framlegg til Detaljreguleringsplan for Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde, planid 20180102, med planomtale med ROS-analyse, føresegner og plankart datert 30.04.2019 vert utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med PBL § 5-2, § 12-10 og § 12-11.
2. Rådmannen skal før sluttbehandlinga sørgje for at innhaldet i planen og framstillinga av den blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.
3. Endring i føresegn 3.1.2 Idrettsanlegg (felt o_BIA1) a. Utforming:
 - Innanfor området kan det etablerast idrettshall med tilhøyrande anlegg som inkluderer garderobar, tribunar, tekniske rom, utstyrslager og publikumsfasilitetar.
 - Byggjegrænse er vist på plankartet. Minste avstand mellom fot fjellskjering og hall skal vere 6 meter. Det kan tillatast inntil **6 meter** avvik frå byggjegrænse under følgjande føresetnader: a.Hallen kan plasserast nærare fjellskjering i Storåsen enn 6 meter såfram det vert dokumentert at plasseringa er rassikker.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

I rullering av kommunedelplan for Florø sentrum (sentrumsplanen) vart det sett av areal for ny fullskala fotballhall ved Litlevatnet, med krav om detaljregulering. I detaljreguleringsplanen er området regulert til idrettsanlegg og hallen er plassert delvis på fylling som strekker seg ca. 36 meter ut i Litlevatnet på det meste, og delvis i skjering inn mot Storåsen. Skjeringa strekker seg opp mot 22 meter på det høgaste. Plasseringa er gitt ut frå grunnforhold for fylling i Litlevatnet, og eit ønskje om å halde skjeringa så låg som mogleg ut frå omsyn til rasfare, landskap, og massebalanse.

Køyretilkomst til hallen er via eksisterande veg og parkeringsplass ved Havrenesvegen. Kommunen ønskjer å oppmode om å gå og sykle til skule- og idrettsområdet. Køyretilkomsten er derfor regulert som gang- og sykkelveg der køyring til hallen er tillate for drift og vedlikehald, renovasjon og varelevering, samt HC-parkering som vert opparbeidd ved hallen. All annan parkering skal skje ved eksisterande innfallsportar og parkeringsplassar ved ungdomsskulen i vest, ved Kinnvegen i aust, og ved eksisterande parkeringsplass ved Havrenesvegen i nord. Denne vert i planen utvida med 15-16 plassar.

Planframlegget legg til rette for samanbinding av området kring hallen med eksisterande turvegar, og det er rekkjefølgjekrav om opparbeiding av tursti på sørsida av vatnet. Planframlegget opnar og for å etablere uteareal på vestenden av bygget som gjev tilgang til vatnet.

Området har utfordringar knytt til forureining i grunnen etter at det i ei årrekke har vore skytebane. Det er gjennomført undersøkingar av grunnen, og laga tiltaksplan for opprydding. Planframlegget set rekkjefølgjekrav om opprydding.

Planforslaget

Forslag til Detaljreguleringsplan for Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde, planid 20180102 utarbeidd av Asplan Viak AS på vegne av Flora kommune. Planforslaget som skal behandlast, består av

- Planomtale datert 30.04.2019
- Plankart datert 30.04.2019
- Føresegner datert 30.04.2019
- Illustrasjonsplan / landskapsplan datert 30.04.2019
- Snitt datert 30.04.2019
- Stillfoto 3d-modell 30.04.2019
- Sol og skugge-analyse datert 30.04.2019
- ROS-analyse datert 30.04.2019
- TC001 plan og profil kjørbar turveg datert 20.03.2019
- Merknadsskjema med kommentarar datert 04.04.2019

Utgreiingar / tilleggsrapportar:

- Asplan Viak AS, 2019, Notat. Trafikal vurdering
- Asplan Viak AS, 2019, Supplerande miljøteknisk undersøking
- Asplan Viak AS, 2019, Geologi – sikringsprinsipp
- Asplan Viak AS, 2019, Tiltaksplan anlegg og drift
- Asplan Viak AS, 2018, Biologisk mangfald ved Litlevatnet i Flora
- Grunnteknikk AS, 2018, Florø. Litlevatnet, ny fotballhall. Grunnundersøkingar. Geoteknisk datarapport 113788r1, 5.6.
- Grunnteknikk AS, 2018, Geoteknisk vurdering til reguleringsplan
- Asplan Viak AS, 2018, Lokalisering av ny storhall i Florø. Landskapsvurdering



Eldre grunnlagsrapportar:

- Asplan Viak AS, 2017, Forprosjektering av fotballhall Florø, Prosaskildring – plassering av fotballhall
- Asplan Viak AS, 2017, Skredfarevurdering Fotballhall Florø
- Asplan Viak AS, 2017, Miljøteknisk undersøkelse med tiltaksplan

Av datatekniske grunnar er ikkje utgreingar og tilleggsrapportar og eldre grunnlagsrapportar lagt ved saksutgreinga, desse er å finne på kommunen si nettside.

Formålet med reguleringa

Formålet med reguleringa å leggje til rette for fullskala fotballhall, med tilhøyrande uteareal, tilrettelegging i kringliggande friluftsområde, tilkomst og parkering.

Eigedomsforhold

Heimelshavarar i området er:

Namn	Adresse	Postnr	Poststad	Gnr	Bnr
Flora kommune	Markegata 51	6905	Flora	27	5

Forhold til overordna planar

Planområdet er i kommunedelplan for Florø sentrum 2018 – 2022 avsett i hovudsak til offentleg tenesteyting – OP1 og OP2. Føremålet er sett av til idrett, friluftsliv/rekreasjon/oppleving i kommunedelplanens føresegnar. Det er stilt krav om at det skal leggjast til rette for universelt utforma gang- og sykkelveg gjennom området som sikrar godt tilrettelagt tilkomst frå parkeringsplass til grøntområda i Litleåsen og Storåsen og kring Litlevatnet.

Kommunedelplan for sykkel har følgjande målsetjing:

- Sykkelby- avtalen sitt hovudmål er å betre folkehelse gjennom auka sykkelbruk, mellom anna ved overføring av reiser frå bil til sykkel. Samtidig må tryggleiken for syklistar betrast for å redusere talet på sykkelulykker.

Planforslaget medfører ikkje ei omdisponering av dyrka areal.

Gjeldande reguleringsplan

Det er ikkje gjeldane reguleringsplanar innfor planområdet. Planområdet grensar til:

- Reguleringsplan for Storåsen, Gbnr. 27/5, Høgdebasseng, planid 20020109
- Detaljreguleringsplan - Samanbinding Rv 5 Havrenesvegen, Veg/bustad, planid 20120110

Innkommne merknader til planoppstart

I samsvar med føresegnene i plan- og bygningslova varsla Asplan Viak AS alle partar som planarbeidet påverkar, om oppstarten av planarbeidet i brev 26.10.2018 og kunngjorde det i Firdaposten same dato. Det kom inn 9 fråsegnar totalt. Dei følgjer saka som uttrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Andre aktuelle saker i området:

Det pågår ikkje andre utbyggingar innanfor planområdet.

Vurdering:



Byggingeplanane

I planframlegget er størstedelen av området regulert til idrettsanlegg og hallen er plassert delvis på fylling som strekker seg ca. 36 meter ut i Litlevatnet på det meste, og delvis i skjering inn mot Storåsen. Skjeringa strekker seg opp mot 22 meter på det høgaste. Plasseringa er gitt ut frå grunnforhold for fylling i Litlevatnet, og eit ønskje om å halde skjeringa så låg som mogleg ut frå omsyn til rasfare, landskap, og massebalanse. Planframlegget set krav i føresegene til god arkitektonisk utforming og det skal ved utforming av bygget leggast vekt på å dempe verknaden av bygningsvolumet. Det er viktig å presisere at plasseringa av hallen og illustrasjonane ikkje viser detaljert endeleg løysing. Vidare bearbeiding og detaljprosjektering vil forsøke å optimalisere utforming av hallen og terrengtilpassing.

Køyretilkomst til hallen er via eksisterande veg og parkeringsplass ved Havrenesvegen, o_SGS2. Kommunen ønskjer å oppmode om å gå og sykle til skule- og idrettsområdet, jamfør mål i KDP-syssel. Køyretilkomsten er derfor regulert som gang- og sykkelveg der køyring til hallen er tillate for drift og vedlikehald, renovasjon og varelevering, samt HC-parkering som vert opparbeidd ved hallen. All annan parkering skal skje ved eksisterande innfallsportar og parkeringsplassar ved ungdomsskulen i vest, ved Kinnvegen i aust, og ved eksisterande parkeringsplass ved Havrenesvegen i nord. Denne vert i planen utvida med 15-16 plassar.

Planframlegget legg til rette for samanbinding av området kring hallen med eksisterande turvegar, og det er rekkjefølgjekrav om opparbeiding av tursti på sørsida av vatnet. Planframlegget opnar og for å etablere uteareal på vestenden av bygget som gjev tilgang til vatnet

Området har utfordringar knytt til forureining i grunnen etter at det i ei årrekke har vore skytebane. Det er gjennomført undersøkingar av grunnen, og laga tiltaksplan for opprydding. Planframlegget set rekkjefølgjekrav om opprydding. Sjå kap 7 Skildring av planforslaget for nærare skildring av planframlegget.

Innkomne merknader

Asplan Viak As har oppsummert og kommentert merknadane i eige vedlegg. Merknadane er i hovudsak innarbeidd i planframlegget, sjå kommentarane i vedlegget. Rådmannen har ikkje merknad til forslagsstillar sine vurderingar av merknadane, og sluttar seg derfor til denne.

Anleggsperiode og overskotsmasser

Den valte plasseringa gjev eit stort masseoverskot, dette er omtalt i planomtalen kap 7.4.4 og i vedlegget «Trafikal vurdering». I vedlegget er det estimert eit masseoverskot på 100.000 m³ lause masser. Dette tilsvarar om lag 10.000 lass som skal transporterast ut av området. I ein anleggsfase på 100 arbeidsdagar på 8 timar vil dette utgjere 24 turar kvar time. Anleggstrafikken må nytte o_SGS2, og denne må oppgraderast med møteplassar før anleggsperioden tek til.

Ut-transportering av overskotmasser vil passere o_SGS1. Dette er skulevegen til dei fleste borna i Havreneset som skal til Florø Barneskole og for dei som går på Flora Ungdomsskule og som bur aust for skulen. Det er såleis svært viktig at det vert laga ei trygg avvikling av trafikken til og frå området.

Det er lagt inn rekkjefølgjekrav i føresegnene om at det skal ligge føre godkjent plan for trafikkavvikling, massetransport, driftstid og trafikktryggleik for gåande og syklende i anleggs- og byggingeperioden. Nødvendige sikringstiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gang. Dette vil etter rådmannen si vurdering kunne gje tilfredstillande tryggleik i anleggsperioden.

Det er lagt inn krav i føresegnene om at det skal ligge føre plan for bruk av overskotsmasser og løyve til plassering av desse før det kan gjevast igangsettingsløyve. Etter rådmannen si vurdering er det bruk for masser fleire stader på Florelandet, slik at massane vil kunne nyttast til samfunnsnyttige føremål, utan urimeleg lang transport.



Born og unge sine interesser

Planområdet blir ein del av skule og idrettsområdet ved ungdomssulen og Florahallen. Dette området er mykje nytta av born og unge gjennom alle aktivitetane som føregår i området. Det er ikkje tilrettelegt spesielt for born og unge i planframlegget, men likevel er det rådmannen si oppfatning at deira interesser er ivareteke gjennom planframlegget fordi framlegget har fokus på tilrettelegging for, og prioritering av gåande og syklende, noko som spesielt kjem denne gruppa til gode.

Friluftsliv, folkehelse og universell utforming

Omådet Storeåsen – Litleåsen med Litlevatnet i mellom, er eit viktig nærfriluftsområde for Florø. Planframlegget legg til rette for utviklinga av sørsida av Litlevatnet for tur og aktivitet etter at skytebanen, som hindra annan bruk og ferdsel, er lagt ned. Området er bratt og skuggefullt, og plasseringa av hallen konkurrerer i liten grad med annan bruk av området. Opparbeidning av areal mot vatnet ved hallen vil gje betre tilgjenge til vatnet, og krav om opparbeidning av sti på sørsida av vatnet vil gje enda betre turtilbod i området. Rådmannen vurderar derfor planframlegget til å ha positive verknader for nærfriluftsliv og folkehelse.

Høgdeskilnader i planområdet gjer at det er vanskeleg å oppnå stigningsforhold som tilfredsstillar universell utforming av tilkomstvegar inn til planområdet andre stader enn frå Kinnvegen langs turvegen/sykkelvegen på nordsida av Litlevatnet. For dei andre turvegane i området vert det opna for at stigningskrav kan fråvikast av omsyn til terreng og landskap. Føresegnene stiller krav om at tilkomst til ny hall frå «nordsidevegen» skal tilfredsstillar alle krav til universell utforming (dekke, tverrfall, stigning, breidde) før hallen kan takast i bruk. Føresegnene stiller krav om at det skal etablerast HC-parkering ved hallen med køyretilkomst frå gang- og sykkelveg o_SGS2.

Landskap og grønstruktur

I samband med konsekvensutgreiing av plassering av fotballhallen i sentrumsplanen vart det utarbeidd ei landskapsvurdering; *Lokalisering av ny storhall i Florø. Landskapsvurdering* datert 31.08.2018, sjå vedlegg. Planframlegget legg no til rette for eit alternativ som ligg mellom alternativ 1 og 2, ved at utsprenninga inn mot Storåsen vert større, medan utfyllinga i vatnet vert noko mindre. Landskapsverknaden av denne endringa er positiv, då skjeringa mot Storåsen i hovudsak vert skjult av hallen, då denne vil vere høgare enn skjeringa, samstundes som ein større del av vassflata vil vere intakt etter utbygging. Dette, saman med krav om utforming i føresegnene vil etter rådmannen si vurdering gje så god terreng- og landskapstilpassing som råd, sett i høve dimensjonane til hallen. Vidare detaljprosjektering vil og søke løysingar for enda betre terrengtilpassing.

Eksisterande grøntstruktur i planområdet er vidareført og innarbeidd i planframlegget med reguleringsformåla naturområde, friområde eller turveg med tilhøyrande føresegner. Det sikrar samanhengande korridorar til eksisterande grøntstruktur og turvegar fram til parkering og innfallsportar som ikkje er med i planområdet.

Infrastruktur og beredskap

Køyretilkomst til hallen er via eksisterande veg og parkeringsplass ved Havrenesvegen, o_SGS2. Planframlegget føreset ei utbetring av denne. Ved utforming av kurvatur og vegbreidde er det lagt til grunn at det skal vere mogleg å kome fram til hallen med semitrailer. Køyretilkomsten er regulert som gang- og sykkelveg der køyring til hallen er tillate for drift og vedlikehald, renovasjon og varelevering, samt HC-parkering som vert opparbeidd ved hallen. All annan parkering skal skje ved eksisterande innfallsportar og parkeringsplassar ved ungdomsskulen i vest, ved Kinnvegen i aust, og ved eksisterande parkeringsplass ved Havrenesvegen i nord. Denne vert i planen utvida med 15-16 plassar, og parkeringsdekninga er såleis utvida i samsvar med krav til parkering i sentrumsplanen.

Det er planlagt sykkelparkering med overbygg ved hallen. Talet på sykkelparkering er sett til 1 plass pr 100 m² BRA. Kravet er redusert i høve krav i sentrumsplanen, då dette vart vurdert å vere for høgt i høve faktisk behov.



Det vil være mogleg å kople seg til eksisterande til kommunalt VA-anlegg i krysset ved Flora Ungdomsskule

Det vil være tilkomst for utrykkingskøyretøy via o_SGS2. Det er plass til oppstillingsplass for brannvesenet sitt høgdemateriell på nordvestre ende av hallen, og føresegnene set krav om framlegging av vatn til austenden. Desse løysingane er vurdert å gje tilfredstillande beredskapssituasjon ved hallen.

Forureining

Området har tidlegare vore nytta til skytebane, og det er registrert forureining i grunnen. Denne lek og ut i Litlevatnet. Det er gjennomført grunnundersøkingar og laga tiltaksplan for anlegg og drift. Det er innarbeidd rekkjefølgjekrav i føresegnene om at oppryddingsarbeidet skal være ferdig før det vert gjeve rammeløyve, og det er avsett føresegnsområde i plankartet mellom anna for å kunne iverksette tiltak i samband med fylling for å hindre forureining.

Naturfare

Delar av planområde ligg innafør omsynssone for ras. Det er gjennomført skredfarevurdering og utarbeidd rapport for sikringsprinsipp. Det er lagt inn føresegnsområde i planframlegget for å sikre naudsynt areal til sikringstiltak og det er rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av sikringstiltak før hallen kan takast i bruk.

Hallen er lagt 2 m over vassflata for sikre at den ligg utanfor flaumutsett område, og det er lagt inn krav i føresegnene om klimapåslag som tek omsyn til auka nedbør i samband med handtering av overvatn.

Planframlegget har etter rådmannen si vurdering teke naudsynt omsyn til naturfare.

Konsekvensutgreiing

Lokalisering av fotballhallen er konsekvensutgreidd i samband med Kommunedelplan for Florø sentrum 2018 – 2022 (Sentrumsplanen), jamfør *Konsekvensutgreiing for lokalisering av ny Storhall* datert 31.08.2018 med vedlegga *Lokalisering av ny storhall i Florø. Landskapsvurdering* datert 31.08.2018, og *Biologisk mangfald ved Litlevatnet i Flora* datert 30.06.2018. Det har derfor ikkje vore naudsynt å gjennomføre konsekvensutgreiing i samband med reguleringsplanen.

Naturmangfaldslova

I samband med konsekvensutgreiing av tiltaket i sentrumsplanen vart det gjort ei kartlegging av biologisk mangfald ved Litlevatnet, og konsekvensane av bygging av hallen for det biologiske mangfaldet vart vurdert, og avbøtande tiltak vart skissert. Desse tiltaka er følgt opp i planframlegget ved at turvegen er trekt bort frå vatnet, fyllinga i vatnet er redusert, då ein har gått for ei mellomløyving av alternativ 1 og 2, som var lagt til grunn for konsekvensutgreiinga. Det er og lagt inn omsynssone for bevaring av naturmiljø i nordvestre enden av vatnet for å ta vare på den registrerte naturtypelokaliteten vasskantsamfunn, utforming elvesnelle-starr-sump, nordvest ved Litlevatnet

Innanfor planområdet er den framande arten parksilrekne registrert. Denne spreiar seg lett, mellom anna ved spreining av plantedelar. For å unngå ytterlegare spreining av denne arten som er uønskt i norsk natur er det sett krav om tiltaksplan i føresegnene før det kan gjevast løyve til tiltak.

Med bakgrunn i konsekvensutgreiinga har Asplan Viak AS i planomtalen kap 8.6.3 vurdert planframlegget i høve naturmangfaldlova. Rådmannen er samd i denne vurderinga, då tilrådingane i utreiinga i hovudsak er innarbeidd i planframlegget.

Samla vurdering:

Utgangspunktet for vurdering av lokalisering av storhall i samband med sentrumsplanen var at den må ligge nært opp til enten Flora Vidaregåande skule og Idrettscenteret eller området ved Stadion og



Florahallen. Dette med tanke på å få til best mogeleg samordningseffektar med kjernegruppa av brukarane, parkering og gode, trygge og korte tilkomstforhold for gåande og syklande, og å i størst mogleg grad kunne nytte eksisterande infrastruktur; vegar, VA, straum og parkering (sambruk).

Det er ein interessemotsetnad mellom omsynet til å halde nærfriluftsområdet urørt og ønsket om oppføring av ein hall i samsvar med hovudkriteria vist til i konsekvensutgreiinga for lokalisering av ny hall. Ved vurdering av planframlegget er det lagt vekt på følgjande:

- Tiltaket vil ikkje ha vesentleg negativ innverknad på det biologiske mangfaldet, jamfør Notat Biologisk mangfald ved Litlevatnet i Flora (Asplan Viak AS 2018)
- Ved å legge seg på ei mellomløyning mellom alternativ 1 og 2 vurdert i landskapsvurderinga Lokalisering av ny storhall i Florø. Landskapsvurdering, Asplan Viak As 2018 vil landskapseffektane reduserast, sjå vedlagt visualisering i 3D modell.
- Plasseringa fremjar intensjonen i KDP-sykkel og reduserer behovet for transpost, då den ligg nært eksisterande anlegg, og løysinga gjer bruk av sykkel meir attraktivt ved at ein kan sykle heilt fram til hallen, medan ein må parkere ei stykkje frå.
- Utbygginga legg og til rette for å utvikle området på sørsida av Litlevatnet, noko som vil gjere det meir tilgjengeleg.
- Opprydding i dei ureina massane ved skytebana kan på sikt få positiv innverknad på vasskvaliteten i Litlevatnet.

Med bakgrunn i desse momenta meiner rådmannen at fordelane med denne lokaliseringa, spesielt knytt til samlokalisering og redusert behov for transport må gjevast større vekt enn ulempe utbygginga gjev i friluftsområdet. Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen å sende planforslaget til Detaljreguleringsplan for Litlevatnet, gbnr 27/5 mfl, fotballhall/friluftsområde, planid 20180102 på høyring og leggje det ut til offentleg ettersyn.

Økonomiske konsekvensar:

Utlegging av planen til offentleg ettersyn vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for kommunen utover kostnadane knytt til utarbeiding og sakshandsaming.

Bygging av fotballhallen med tilhøyrande anlegg vil ha økonomiske konsekvensar for kommunen, men vurdering av desse er ikkje ein del av arbeidet med reguleringsplanen.

Miljømessige konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar av planframlegget er vurdert i planomtalen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med forskrifter.

Vedlegg:

Planomtale

607559-12_RP_Fotballhall Litlevatnet

Føresegner20190430.docx

Vedlegg stillfoto 3d-modell

607559-12_S001

Vedlegg sol og skugge

607559-12_B001

607559-12_B002

ROS-analyse



FLORA
KOMMUNE

TC001

Merknader til planoppstart. Oppsummering og kommentarer